



# «Så godt som me kunne, og så godt som me forstod»: forteljingar om deltaking i atomkraftverkmotstanden i Lindås i 1974

## “As good as we could and as good as we understood”: Narratives About Participation in the Nuclear Power Plants Resistance in Lindås in 1974.

Inger Helen Midtgård

*Høgskulelektor, seksjon for samfunnsarbeid, Institutt for velferd og deltaking, Høgskulen på Vestlandet.*

[Inger.Helen.Midtgard@hvl.no](mailto:Inger.Helen.Midtgard@hvl.no)

### Samandrag

Me har ingen atomkraftverk i Noreg. Dette skuldast mellom anna den sterke folkelege motstanden her til lands. Eit døme er motstanden i to bygder i Lindås, Ostereidet og Hodneland i 1974.<sup>1</sup> Deltaking i denne lokale konteksten er mitt fokus i denne artikkelen. Artikkelen tek utgangspunkt i forteljingane til dei som var med, og korleis dei fortel om og forklarar si deltaking. Forteljingane vert så diskutert i lys av teoriar om deltaking. Det unike med atomkraftverkmotstanden var at dei lukkast med å nå måla sine: å stoppe atomkraftverk på norsk jord. Dei fekk trass i sterk motstand frå sentrale styresmakter både politisk og i forvaltinga regjeringa til å avblåsa grunnundersøkingane og var med å sikra at Stortinget i 1979 sa nei til atomkraftverk i Noreg. Mykje tyder på at kombinasjonen av den massive deltakinga, den massive lokale semja og ein sterk samanbindande og brubyggjande sosial kapital var avgjerande faktorar for resultatet.

Nykelord

deltaking, atomkraftverkmotstand, forteljingar, sosial kapital

### Abstract

We do not have any nuclear power plants in Norway. Among the reasons for this is the strong public resistance in the country. An example of this is the resistance in the two small villages of Ostereidet and Hodneland in the Lindås municipality. The participation in this local context is my focus. This article is based on the stories from the people involved and how they explain their participation. They are then discussed against theories of participation. This resistance against power plants succeeded in stopping any plans for nuclear power plants in Norway. Despite strong resistance in central authorities, both political and administrative, they influenced the government to stop the ground examinations, and Parliament decided in 1979 to drop nuclear power plants in Norway. There are many indications that the combination of the massive participation, the large local unity, and a strong connecting social capital and bridge-building social capital were decisive factors in the result.

Keywords

Participation, nuclear power plants resistance, narratives, social capital

---

1. Åsgard 1994: 7; Andersen 1980: 97

## Innleiing

Det er snart 50 år sidan kjernekraftstriden toppa seg i 3 markante aksjonsdagar, 16., 17. og 21. oktober 1974, ved Austevatnet på Hodneland i Lindås, no Alver kommune. Mange av dei som var med då, er borte, og i dag er det få som hugsar det som hende. Atomkraftverksaksjonen, også kalla «strilekrigen mot atomkraft», var ei avgjerande hending. I 1979 skrinla Stortinget vidare planar om atomkraftverkutbygging på norsk jord, sjølv om fleirtalet i Granliutvalet (NOU 35A og 35B 1978) gjekk inn for å byggja to atomkraftverk.<sup>2</sup>

Artikkelen er skriva utifrå eit samfunnsarbeidsperspektiv. Samfunnsarbeid er ei kollektiv handling med mål om å identifisere handlingsrom og vilkår for sosial deltaking. Her er deltaking både eit mål, eit verktøy og eit ideal, ei utøving og årsak til utøving. I samfunnsarbeid er deltaking knytt til ideal om medborgarskap, sosial rettferd og demokrati, og det er ein grunnleggjande føresetnad for samfunnsending til beste for fellesskapet.<sup>3</sup> Aksjonar som atomkraftverkmotstanden vert forstått som eit grasrotopprør frå folk som i fellesskap mobiliserte og handla då noko som var viktig for dei, stod på spel.<sup>4</sup>

Forteljingar har vore ein vesentleg faktor i mobiliseringsarbeidet mot atomkraftverk. Artikkelen har ei narrativ tilnærming. Det er lagt til rette for at den enkelte har kunna fortelja mest mogeleg fritt og på sitt vis. Forteljingane har i seg sjølv ein mobiliserande effekt og sikra deltaking og ei oppleving av å høyra til.<sup>5</sup> «Personal storytelling fosters political activism and engagement when they are shared.»<sup>6</sup>

Både på 1950- og 1960-talet var det i Vest-Europa ein stor tillit til teknologiske framsteg blant både politikarar, offentlege tilsette og ekspertar og i media, noko som leia til dei første



**Bilete 1:** Idylliske Austevatn. Her planla utbyggjarane å plassera atomkraftverket delvis ute i vatnet. Foto Arvid Hodneland

2. Samset 2012: 77
3. Twelvetrees 2017; Ledwith & Springett 2010: 10
4. Jf. Ronnby 2009
5. Ledwith & Springett 2010: 15
6. Riessman 2008: 8

atomkraftforskningsprogram, -senter og -reaktorar.<sup>7</sup> Fram til starten av 1970-talet var både det offentlege og det frivillige natur- og miljøvernet meir eller mindre positiv til kjernekraft.<sup>8</sup> Nasjonalt var det frå slutten av 1960-talet ei allmenn politisk oppfatning at kjernekraft var noko som også kom i Noreg. Grunna energibehovet her til lands vart det spådd ei kraftkrise. Fleire meinte at atomkrafta kunne avløysa vasskrafta; også naturvernarar såg på atomkraft som ei aktuell og miljøvenleg kraftkjelde.

I mai 1971 fekk Noregs Vassdrags og Energiverk (NVE) i oppdrag frå Stortinget å utgreia aktuelle stader for atomkraftverk i Noreg, dette før Stortinget hadde teke stilling til om det skulle byggjast atomkraftverk her til lands.<sup>9</sup> NVE sette i gang eit omfattande arbeid. 74 aktuelle stader for atomkraftverk i Noreg skulle undersøkjast. 4 stader i Lindås var først aktuelle for kjernekraftverk, men berre Ostereidet vart med vidare i planane. På Ostereidet var forholda ideelle: gode grunnforhold og kort veg til sjø og kai og kjølevatn. Vinteren 1973/74 forma planleggjarane ein rapport der 4 alternativ i Bergen nord og 4 alternativ i Bergen sør vart ståande att. 20. mars 1974 vart dei aktuelle kommunane Os, Lindås, Samanger og Fusa informert om planane. Seinare kom Hodneland også med. Motstanden i alle kommunane var tydeleg, og kommunane varsla at dei ville ta i bruk alle tenlege midlar for å hindra utbygging.

På 1970-talet fann det stad eit skifte. Då ikkje ekspertane lenger klarte å svara på dei spørsmåla politikarane stilte seg i energipolitikken, vart den ekspertdominans som hadde prega energifeltet, redusert. Føresetnadane som ekspertane bygde sine vurderingar i kjernekraftsaka på, som stabil krafttetterspurnad, stabile oljeprisar og ingen kontrovers utanom økonomien, fall vekk. Grensa var nådd. Når energiforbruket dekkja primærbehova, ville auka utbygging føra til sløseri.<sup>10</sup>

## Bakgrunn

Frå 1960 og fram til første del av 1970-talet oppstod det i ei rekkje land ei ny bølge av aksjonar og rørsler, som fredsrørsla og kvinnerørsla, som spela ei sentral rolle i norsk så vel som i europeisk politisk historie.<sup>11</sup>

I Vest-Europa var motstanden mot atomkraft stor i Danmark, Vest- og Aust-Tyskland, Sverige, Austerrike og Italia.<sup>12</sup> Internasjonalt samarbeid var etablert; mellom anna Danmark si motstandsørsla var aktiv i fleire naboland. Samarbeid mellom Vest- og Aust-Tyskland før muren fall, var også etablert. Atomkraftmotstanden vart med andre ord internasjonal.<sup>13</sup> Den norske motstanden er liten i møte med dei store massane og den store mobiliseringa mellom anna knytt til *Why!* i Tyskland, der okkupasjon av området og langvarig aksjon førte til ynskt resultat.<sup>14</sup> Interessant er det også at kvinnene hadde ein så markert plass i atomkraftmotstanden i Europa samanlikna med i Lindås, der dei hadde ei meir tilbaketrekt rolle.<sup>15</sup>

Nasjonalt gjekk Mardøla-aksjonen og Alta-aksjonen føre seg i same tiår som atomkraftverkmotstanden. Aksjonane hadde fleire fellestrekk, som ei klar ikkje-valdsline med refe-

7. Kirchhof 2020: 7

8. Nilsen 2006: 118

9. St.meld. nr. 97 (1969–70)

10. Nilsen 2006: 130

11. Olsen & Sætren 1980: 14

12. Kirchhof 2020

13. Meyer 2020; Kirchhof 2020; Kirchhof 2018

14. Thomkins 2016

15. Sjø Kirchhof 2020: 20.

ranse til Mahatma Gandhi og bruk av sivil ulydnad.<sup>16</sup> Medan dei to andre aksjonane måtte gje tapt, vann atomkraftmotstanden fram.

Ein elite av politikarar og vitskapsfolk hadde ambisjon om å gjera Noreg til ein leiande atomkraftnasjon. Institutt for atomenergi (IFA) såg dagsens lys i 1948 med Gunnar Randers som direktør. Instituttet hadde til oppgåve å arbeida for sivil utnytting av atomenergi. Arbeidet fekk eit enormt omfang på kort tid. Fire forsøksreaktorar vart bygd, og IFA hadde stigande vekst til utpå 1960-talet, med over 500 tilsette.<sup>17</sup> Prestisjen knytt til IFA var stor, og løyvingane til atomprosjektet var større enn den samla løyvinga til all annan naturvitenskapleg forskning i Noreg.<sup>18</sup> Svein S. Andersen karakteriserer IFA som ein klikk basert på personleg tillit og respekt, eit personnettverk samanbunde og bygd på felles verdiar og generalisert tillit.<sup>19</sup> Og ifølgje Knut Samset kan historia om atomkraft i Noreg sjåast som «en variant av Peer Gynt-historien der ei blanding av nasjonalisme, stormannsgalskap og naivitet omsettes i et prosjekt som nok må karakteriseres som i det alt overveiende mislykket i forhold til de opprinnelige intensjonene (...)».<sup>20</sup>

Motstanden mot atomkraft var stor over heile landet. Overalt møtte Norges Vassdrags og Elektrisitetsvesen (NVE) protestar, og folk organiserte motstand. I Aftenposten sin Gallup hausten 1974 sa 76 prosent av folket nei til atomkraftverk i eigen kommune.<sup>21</sup> På Hodneland og Ostereidet var dei som protesterte, grunneigarar, det vil seia fastbuande, og hyttefolk med lokal tilknytning som stod vakt om sin eigedom og sine egne bygder. Men kva var det som fekk folk til å setja seg opp mot styresmaktene og ty til sivil ulydnad?



**Bilete 2:** Folk og bilar samla seg for å visa sin motstand og planla å stenga både NVE og lensmannen inne. Foto: Arvid Hodneland

16. Parmann 1980; Gleditsch, Hartmann & Naustdalslid 1971

17. Samset 2012: 81

18. Ibid.

19. Andersen 1987: 40

20. Samset 2012: 21

21. Sitert i Andersen 1980: 106



## Metode, datagrunnlag og tilnærming

I artikkelen vert forteljingane vektlagde. I tillegg kjem skriftleg materiale frå den tid, som saksutgreiingar i Lindås kommune, aviser med lesarbrev og reportasjar og brev til styresmaktene frå arbeidsutvala, for å forstå samanhengar og utvikling. Atomkraftverksmotstanden er ein del av mi historie, sidan eg bur i området og kjenner fleire av dei eg har intervju. Eg snubla på ein måte inn i det då eg skulle halda ein 17. mai-tale på Ostereidet i 2004 og måtte finna noko som særmerkte staden. Då gjekk eg på biblioteket og lånte boka til den lokale journalisten Bjarne Åsgard. Åsgard var forresten leiaren i 17. mai-komiteen dette året. Små forhold pregar difor forskinga eg har gjort. Eg har intervju lokale heltar. Seinare har eg brukt tid på å fri meg frå helteskildringa og å sjå på aksjonen med eit meir kritisk blikk. Men den lokale kunnskapen eg har, har også gjeve meg ein unik tilgang til eit felt som ikkje har vore forska på tidlegare. Så langt som eg har funne, er det berre éin som har forska på atomkraftverksmotstanden tidlegare, i si magisteroppgåve.<sup>22</sup> Atomkraftverksmotstanden i Noreg er heller ikkje med i forskning om atomkraftverksmotstanden i Europa,<sup>23</sup> og han blir knapt nok nemnd i storverket Statens Kraft, der planlegging av varmekraftverk er eit tema.<sup>24</sup>

Artikkelen er basert på samtaler med til saman 12 personar som var med i motstanden den gongen, og eit intervju med ein som i 1974 var tilsett i NVE. Ei narrativ tilnærming er brukt, der samtalaner er prega av opne spørsmål, slik at forteljaren har kunna snakka mest mogeleg fritt. Spørsmål som «fortel om» eller spørjeord som kven, kva og kvifor er nytta med mål om å opna for frie fortellingar.<sup>25</sup> Stundom er det også slik at samtalen har starta med «fortel om» og samtalen nærast har gått av seg sjølv og det berre har vore behov for å stilla oppfølgingsspørsmål for å vere sikker på at eg forstår deira forteljing. Samtalaner har vore ifrå 30 minutt og opp mot 2 timar. Narrativ er ein grunnleggjande og allmenn måte å presentera seg på og like daglegdags som livet sjølv: «Narrative is presented in every age, every place, in every society, it begins with the very story of mankind and there neither is nor has been a people without narrative (...) it is simply there, like life itself.»<sup>26</sup> Forteljingar er grunnleggjande for all menneskeleg aktivitet og set namn på verda som eit fundament for å endre ho gjennom kritisk dialog.<sup>27</sup> Denne artikkelen konsentrerer seg om korleis dei som deltok i atomkraftverksmotstanden, no lang tid etterpå set ord på deltakinga si. Jorun Stenhøien stiller spørsmål om ein kan stole på munnlege kjelder.<sup>28</sup> Det er eit viktig spørsmål. Forteljingane er alltid posisjonerte og må forståast utifrå forteljaren sin ståstad og samanhengen dei vert fortalt i. Så i denne artikkelen er det ikkje den historiske sanninga om kva som skjedde i atomkraftverksmotstanden, som har fokus, men den mangfaldige opplevinga av deltaking i eit samfunnsarbeidsperspektiv.

I tillegg til forteljingane byggjer artikkelen på litteraturstudium av skriftleg materiale, som kommunale skriv og vedtak og dessutan brev og dokument frå arbeidsutvala og avisutklipp. Ei bok som kom etter initiativ frå atomkraftmotstandarane, har vore til hjelp for å forstå meir av kontekst og konkrete hendingar og for å finna aktuelle personar å intervju. Boka var skriven av Åsgard<sup>29</sup> og internkontrollert av ei eiga boknemnd samansett av lokale motstandsfolk frå både Hodneland og Ostereidet. Det skriftlege materialet er mangelfullt,

22. Andersen 1980

23. Kirchhof 2020

24. Nilsen 2006: 119

25. Riessman 2008

26. Ibid.: 3–4

27. Ifølgje Freire, Nordland & Lie 1999.

28. Stenhøien u.å.

29. Åsgard 1994

då store delar av arkivet til NVE frå den tida er borte og alle interne notat sletta.<sup>30</sup> Den delen av NVE som arbeidde med kjernekraft, vart overført til Statkraft, og dokument vart ikkje tatt vare på. Eit radioprogram på NRK radio der aktørar frå motstanden og NVE deltok, er også sletta.<sup>31</sup>

Studien er godkjend hjå NSD med krav om å anonymisera deltakarane. Dette er respektert, og fiktive namn er brukt.

Eg har spurt fleire om å ta del i studien. 17 har takka nei eller ikkje svart. Argument som «eg hugsar ikkje», «du finn alt i boka som er skriva om dette» eller «eg er for gamal» har vore grunngevingar. Det er ikkje overraskande at folk som var aktive i motstanden då og no har høg alder (75–90 år), vegrar seg for å delta. Eg kan ikkje utelukka at vesentleg materiale og viktige kjelder er utelete. Med desse atterhalda meiner eg likevel at det materialet eg har, gjev grunnlag for å skriva ein artikkel der forteljingane frå dei som var med, er fokus, og der grunnlagsdokument og skriftleg materiale utgjer ei ramme for forståing. I ettertid angrar eg på at eg ikkje stilte meir kritiske spørsmål. Det er ein fin balanse mellom å la dei snakka fritt og å få svar på alle spørsmål.

## Motstandskampen i Lindås

Atomkraftverkaksjonen i Lindås bar mykje av dei same kjenneteikna som andre aksjonar på 1970-talet. Han var målretta og saksorientert og hadde ein effektiv organisasjonsstruktur.<sup>32</sup> Samarbeidet med både andre aksjonsgrupper i Hordaland, Samarbeidsgruppen for natur og miljøvern (SNM) og Aksjon mot atomkraft var på plass, og dei fekk også tilbod om hjelp og bistand både frå andre kommunar og meir venstreradikale grupper. Arbeidsutvala i Lindås samarbeidde breitt, men hadde som klårt prinsipp å klara seg sjølv.<sup>33</sup> Aksjonsleiinga var medvitne om å ikkje bli tatt for å vera venstreradikale eller samarbeida med til dømes AKP-ml i Bergensregionen. Aksjonsleiinga hadde også fått åtvaring frå både NVE og militært hald: «De må passa dykk for kven de samarbeidar med.»<sup>34</sup> Lindås-aksjonen var såleis ein rein lokalstyrt aksjon til forskjell frå både Alta- og Mardøla-aksjonen, der deltakinga var både lokal og nasjonal og innbyggjarane lokalt og aktivistar frå ulike grupperingar deltok.<sup>35</sup>

I denne delen av artikkelen vert forteljingane frå deltakarane presentert og kommentert for å verta sett i kontekst. Forteljingar frå den gong er også prega av korleis forteljingar i seg sjølv har ein mobiliserande effekt,<sup>36</sup> uttrykkjer verdiane forteljaren har, og byggjer ein deltakingande praksis.<sup>37</sup> Forteljingane er mangfaldige og polyfone, situert i tid og rom og endrar seg ut frå kven som lyttar, og kva mål den som fortel, har.

27. juni 1974 bankar avdelingsingeniør Dag Roti frå NVE på hjå bonden Sigurd Smådal på garden Eide ved Ostereidet. Slik har Sigurd Smådal sjølv fortalt om hendinga:

Eg låg oppå lemme og hadde feber. Eg høyrde det banka på, men var litt i ørska. Då ingen gjekk ut, forstod eg at kona, ho Bergot, hadde gått på arbeid. Eg reis og gjekk ned. Eg var berrføtt, og gjekk i berre singletten og dongeribukse. Der stod han (...) Han hadde langt hår, hestemanke, bestemorbriller og ein

30. E-postveksling med NVE september og oktober 2021

31. E-postveksling med NRK i desember 2015

32. Jf. Slik Olsen & Sætren 1980: 16 påpeikar.

33. Fleire fortel om dette i intervju.

34. Fortalt i intervju.

35. Jf. Gleditsch, Hartmann & Naustdalslid 1971 og Parmann 1980, som skriv om Alta- og Mardøla-aksjonane.

36. Riessman 2008

37. Ledwith & Springett 2010

gamal damejumper med skinnlappar på armane. Han gjekk i rågummistøvlar. Han sa han heitte Roti. Han kom med ein lapp på at han hadde løyve frå lensmannen til å gjera grunnundersøkingar på min eiendom. Dette var ein torsdag. Måndag skulle han koma att og begynna med prøveskytinga, sa han. Me sette oss inn i stova her og las igjennom papira. Eg ringde til lærar Fossdal for å ha vitne på det me snakka om. Fossdal kom.

Eg hevda eg hadde tre vekers ankefrist. Roti stod på sitt. Måndag skulle dei starta med prøvar (...) Me snakka lenge. Roti fekk låna telefonen og ringde til Oslo (...) Han vart sitjande ei heil stund (...) Han mislikte seg då han gjekk, det forstod eg. Roti sa han skulle koma att i morgon, med lensmannen. Hels og sei han må ta lensmannsbetjenten med også, svara eg.<sup>38</sup>

Forteljinga er iscenesett og fortalt av bonden, slik at ein får sympati med han. Andre fortel at «Smådal var jo ein ideell person å stå fram som ein sånn derre, skal me sei muskelmann».<sup>39</sup> Bonden hadde oksar på beite og frykta kva som kunne skje om dei skaut med dynamitt på jordet. Dagen etter har Bergens-avisene store overskrifter om hendinga på Ostereidet. «Bonden jaget atom-mannen» slo BA fast i overskrifta. NVE skuldar på lensmannen i Lindås, som igjen viser til at det i godkjenningbrevet dagsett 20. september 1973



**Bilete 3:** Sigurd Smådal, bonden som «jaga» NVE frå garden på Eidatre. Foto: Bergot Marie Smådal

38. Henta frå Åsgard 1994: 85–86.

39. Fortalt under intervju.

vart skrive at NVE sjølv måtte varsle den einskilde eigar i god tid og gjera grunneigar kjend med klageretten.

Hendinga var ein vekkjar for bygdesamfunnet og viktig for at arbeidsutvalet fekk støtte lokalt. Det lokale arbeidsutvalet fekk spalteplass i media, og dei tala til både opinionen, politikarar og bygdefolk i same stund. Arbeidsutvalet hadde arbeid sidan april, før det frå sommaren 1974 «gjekk opp for alle». <sup>40</sup> Det er ofte ein utløysande mekanisme for mobilisering. <sup>41</sup> I atomkraftverkmotstanden i Lindås vart Smådal si forteljing og bruk av media ein slik vekkjar. Bonden lokalt stod fram som ein tøff cowboyhelt med rettmessige krav. Han er eit døme på det Ronnby i si forskning peikar på kjenneteiknar bygder, ein maskulin ideologi prega mellom anna av kraft og uthald. <sup>42</sup>

Ein del av bakteppet for reaksjonane var at det i Lindås tidleg på 1970-talet vart ei stor utbygging av oljeraffineriet Mongstad. På Mongstad i Lindås låg dei største gardane. Ei heil bygd i kommunen vart fjerna, med dei konsekvensar det hadde. Dei som fekk bandlagt og sidan ekspropriert garden sine av den norske stat, fekk så godt som ingenting i erstatning, eller rettare sagt ei krone per kvadratmeter. Det var eit maktovergrep frå staten dei som budde der, opplevde. Folk visste at bandlegging av eigedom vart resultatet når staden du budde på, låg innanfor tryggleikssona for eit komande atomkraftverk. Bandlegging ville gjera at eigedomen din vart så godt som verdiløst, og kunne vara frå 1974 og fram til 1980-talet. Til forskjell frå Mongstad, som gav arbeidsplassar og framtidsvon, innebar atomkraftverkutbygging ei fråflytting frå Lindås-bygdene, som var innanfor tryggleikssona for komande atomkraftverk.

## Å bli oversett og neglisjert i forsøk på dialog

Ei anna oppleving som går igjen i forteljingane, er opplevinga av å bli oversett og neglisjert. Opplevinga vert formidla både i det offentlege rom gjennom aviser og lokalt i forteljingane på folkemunne, som dette:

Samtidig hadde me sendt brev til alle dei 15 stortingsrepresentantane frå Hordaland. Berre ein av dei brydde seg om å svara oss, han forstod iallfall kva det betydde å vere folkevalt. Dei betrakta oss som nokon tullebukkar. Det skulle dei ikkje gjort, for dess meir arroganse du møter sentralt, dess meir forbanna er du på at dette her skal me ikkje gje oss på, sant?

Å bli betrakta som «tullebukkar» gjorde folket sinte. Sinnet mobiliserte motstanden hjå folk lokalt. Å verta ignorert av sine eigne folkevalde vart forklart som grunn til auka kampvilje. Berre 1 av 15 stortingsrepresentantar frå Hordaland svarte på brevet. 700 underskrifter frå Ostereidet utgjorde 95 prosent av det totale folketalet. Håkon Randal frå Høgre, sjølv eit bygdemenneske frå nabokommunen Gulen, svarte slik i brev til aksjonsleiinga:

Eg har merka meg at bygdefolket er og har vore lite med i planlegginga av arbeidet. Dette er ein arbeidsmåte som etter kvart må høyra fortida til. Dei planane som De så kraftig har protestert mot er enno ikkje komne til seriøse behandlingar i Stortinget (...) Eg er imponert over dei namnelistene De sender med og takkar igjen for at eg vart orientert.

Aksjonistane på Ostereidet er skuffa over manglande svar frå eigne folkevalde og spør seg om dei veit kva demokrati er. Ei fortel om si oppleving slik: «Eg traff Bergens Tidende-

40. Fortalt under intervju.

41. Ronnby 2009: 135

42. Ibid.: 132



journalisten nede ved møttigje<sup>43</sup> hass Dalland, og dar traff han oss heime.» Å bli behandla som «drit», det var slik folk fortel at dei opplevde det.

Kjensla av å bli totalt oversett går igjen i fleire av fortellingane. Då aksjonsleiaren frå Ostereidet reiser til Stortinget og leverer den første underskriftslista, opplever han det slik:

(...) Eg vart sendt av garde for å levere underskriftslista til regjeringa. Men det var berre ein statsekretær som tok imot meg, og han såg på meg med eit tomt blick. Eg forsøkte å argumentera og sa dei måtte vera klar over at dette var alvorleg, at dei ikkje måtte oversjå det, for det var så pass sterke krefter i sving og følelsar i dette, og det var eit forferdeleg inngrep i ei gamal bygd. Eg brukte alle argumenta eg hadde, han berre såg på meg, snudde seg vekk frå meg og sa ingenting. Han berre fekk dei.

Det er interessant å merka seg at den lokale aksjonsleiinga var opptatt av å oppnå dialog med styresmaktene, medan styresmaktene, både den politiske og den byråkratiske delen, er prega av antidiolog.<sup>44</sup> Aksjonsleiinga hadde ein strategi om å få folk med på lag, til dømes lokalpolitikarar som visste lenge før dei andre at atomkraftverk var i emning. Dialog med desse var ein strategi. Heller enn å konfrontera dei vart politikarane invitert til samarbeid. Arbeidsutvala freista aktivt med brubygging også mot sentrale styresmakter. I juli sende arbeidsutvalet brev til regjeringa ved Trygve Bratteli. Styresmaktene vart her oppfordra til å vurdere nøye om NVE hadde fullmakt til å gå så langt som til å ta grunnprøvar. Kopi av brevet gjekk til både departementa, fylket, kommunen, NVE og stortingsrepresentantane frå Hordaland. Dei fekk ikkje svar. Så godt som alle freistnadane dei gjorde for å oppnå kontakt med styresmaktene og fremja sitt syn, vart møtt med manglande svar. I forteljingane vert desse erfaringane forklart som årsak til auka mobilisering lokalt. Erfaringane byggjer på kvarandre og auka deltakinga i motstanden. Argumentasjonen for kollektiv aksjon er klar. Han handla om medvitte kring kva konsekvensar eit kjernekraftverk ville få i deira bygd, og korleis statlege styresmakter ville pressa eit atomkraftverk på folk som budde i utkantstrok. Lokalt handlar det om ei sentrum–periferi-forståing som byggjer ein kollektiv identitet.<sup>45</sup> Dei hadde ei felles sak, og innanfor handlingsteori handla dei i samsvar med sine motiv, sine mål og sin kompetanse og utifrå korleis dei tolka situasjonen dei var i, og kva dei fann gyldig.<sup>46</sup>

## Underskriftskampanjar og kvinnene som heiagjengen

I tillegg til fleire skriv til dei folkevalde på alle tre forvaltningsnivå vart det sett i gang to underskriftskampanjar. Første gongen var i april 1974 for Ostereidet, andre gong for heile kommunen etter aksjonsdagane i oktober.

Underskriftskampanjane vart organisert gjennom grendamenn og grendakvinner som fekk lister og tok kvar sitt område. Dei sytte for at alle i bygdene fekk skriva under om dei ville. Alle ville det. Aksjonsleiinga henta inn att listene frå kvar grend. Ein som var inno for fleire hyttefolk med underskriftslistar, fortel at «folk jubla» for å få sjansen til å skriva seg på og seia si meining om kjernekraftverk. 95 prosent av innbyggjarar og hyttefolk i nedslagsfeltet for atomkraftverket på Ostereidet var med og skreiv under. Andre gongen involverte underskriftslista over 50 prosent av innbyggjarane i Lindås, vel 4000 menneske.

43. «Møtting» er eit striledialektord for gjødselkjellar.

44. Jf. Freire, Nordland & Lie 1999.

45. Jf. Rokkan, Hagtvet & Alldén 1987; Freire, Nordland & Lie 1999.

46. Ronnby 2009: 123

Ifølgje maktutgreinga er underskriftslistar ein lite krevjande form for politisk deltaking.<sup>47</sup> Strømsnes siterer Bang og Sørensen, som peikar på at ulike former for direkte politisk deltaking skuldast at «man gjør det man gjør ikke av plikt, men fordi man finder det nødvendig».<sup>48</sup> Makt handlar om å ha sjansen til å påverka når saka det gjeld, er viktig for ein. Det handlar om tillit til seg sjølv og til eigen påverknadsevne, men også det politiske systemet og medborgarane.<sup>49</sup> Tankar og kunnskap om demokratiet er utvikla i dagleglivet når folk praktiserer demokratiske prinsipp. Underskriftslistene er også formulert slik at den inneheldt folkemeininga lokalt og bygger kunnskap og fellesskap i ei sak folk finn viktig å markere seg i, og dei er skiftleggjort av ei aksjonsleiing dei har stor tillit til.<sup>50</sup>

Ei fortel om si rolle i atomkraftmotstanden slik: «Eg var sikkert berre heilagjeng, og så skreiv jo alle under (på underskriftskampanjane).» Heilagjengrolla innebar at: «Me snakka for saka, kven me treffe på veit du, anten det var Bergens Tidende eller kven det var me snakka med. Me skjøna jo at dette var galskap, og me veit jo enno meir i dag om kor gale det er, det er jo livsfarleg.» Ho legg til: «Me støtta opp onna so godt som me kunne, og so godt som me forstod. *Selvfølgelig.*»

Heilagjengrolla var det fleire av kvinnene som hadde. Ingen kvinner var med i dei to arbeidsutvala. Kjønnssrollemønsteret på bygdene i Lindås såg ut til å vera tradisjonelt i 1974, sjølv om dette var eit tiår prega av kvinnefrigjerung. Dette skil Lindås-motstanden frå dei andre vesteuropeiske landa, der kvinnene hadde ei framståande rolle.<sup>51</sup> Tradisjonelt har gjerne bygdesamfunn ein meir maskulin ideologi.<sup>52</sup> Forteljingane viser at kvinnene var deltakande gjennom mannen sitt arbeid. Dei var sekretærar og snakka om saka til alle dei møtte. Kvinnene var også med som deltakarar på aksjonsdagane på Hodneland, skreiv under på underskriftslistar og deltok på folkemøte. Fleire fortel at oppgåva deira var å passa hus, barn og floren, medan mannen tok del i motstandsarbeidet. Men dei kvinnene som var aktive politisk på den tida og hadde politiske tillitsverv, var også aktive i atomkraftverkmotstanden og nytta sitt politiske kontaktnett.

## Statistane

Om lag 120 elevar frå ungdomsskulen på Ostereidet var med på den siste aksjonsdagen, 21. oktober. Ei fortel denne historia frå si deltaking som elev ved ungdomsskulen på Ostereidet:

Me fekk vita det skuledagen før at me skulle til Hodneland. Me berre fortalte heime at me skulle dit. Me vart køyrt nord til Hodneland. Eg hugsar det var fleire appellar der nord, og at me gjekk litt langs vegen og fekk sjå staden der det skulle skje. Appellane gjorde inntrykk. Alle var der, kolossalt mange ungdomar, heile ungdomsskulen (...) Det å vera med var jo også ei oppleving for livet, det var jo skremmande (...) Det var ein veldig spent stemning, trykkande, frykteleg spennande. Det var så usikkert. Ikkje noko som var bestemt. Me var redde (...) Eg kjenner det no når me snakkar om det, også, denne uvissa. Ein slik merkeleg stemning (...) me hadde ingen fasit på kva som kunne skje. Dette gjekk inn på oss. Det var ein alvorleg stemning (...) Me ungdomar var vel mest statistar, eller tilskodarar nærmast.

I ettertid opplever ho deltakinga som ei statistrolle og seg sjølv som tilskodar. Busslastene med elevar sikra massedeltaking i atomkraftverkmotstanden.

47. Strømsnes 2003: 118

48. Bang & Sørensen 1999 sitert i *ibid.*: 123

49. *Ibid.*: 160

50. Ronnby 2009: 124–126

51. Kirchof 2020: 20

52. Ifølgje Ronnby 2009.

Her er det på sin plass å spørja seg om bygdefolk, bussjåførar, rektor og lærarar hadde gått utover sitt vanlege mandat for å sikra deltaking i motstanden. Fleire i nettverket snakka saman, og ein velorganisert plan vart sett ut i livet. Ei fortel om aksjonsdagen: «So ringde dei, og alle lærarane forsvann ut gjennom dørane, veit du, og for til Hodneland.» Her liknar handlinga på ein aksjon i krigstilstand der målet helgar middelet og ingen set spørjeteikn ved handlingane så lenge resultatet vert oppnådd. Ungdomsskuleeleven fortel om ei ubehageleg og skremmande oppleving der uvissa og appellane har gjort at opplevinga framleis sit i kroppen og vert aktivert når ho på ny fortel om hendinga. Om det var rett å bruka ungdomar som statistar for å visa kor massiv den lokale motstanden var, vert det ikkje stilt spørsmål om. Eg har ikkje funne svar på om det er diskutert eller reflektert over dei etiske sidene ved dette. Uvissa som skuleeleven frå den gong snakkar om, går igjen i fleire samtaler. Uvissa var verst, og folk fortel at NVE sin overrumplingstaktikk gjorde at dei var på «tå hev» hausten 1974.

## **Då heile Lindås var i kok; den uorganiserte varslingstenesta**

Neglisjeringa frå politisk hald auka talet på deltakarar, og ei varslingsteneste oppstod:

Og kor han for, han stakkars Roti, og kva slags hotell han tok inn på, og kva slags bil han hadde, og det hadde me fullt greie på. Etterretninga vår var heilt patent (...) Heile Lindås var i kok, og det var ikkje organisert i det heile tatt! Dette var noko folk tok seg til. For dei var så ivrige, så sinte, og dei var så forbanna for at dei ikkje blei høyrte. Det var så urettferdig og arrogant av myndighetene. Heilt typisk, original, ekte strilereaksjon!

Varslingstenesta var ikkje noko arbeidsutvala organiserte. Forteljningane dreier seg om korleis folk på eige initiativ tok til å varsle aksjonsleiinga på Hodneland, og korleis «heile Lindås var i kok». Reaksjonen vart også kopla med folkeslaget strilar, ein felles identitet og korleis dei reagerer på undertrykking og neglisjering.

Varslingstenesta hadde fleire nivå og informasjonskanalar:

Eg hadde avtale med ho som arbeidde på telefonsentralen, ho skulle ringja meg på arbeid når NVE kom. Me gikk på fabrikk og venta på telefon, om noko skulle skje. Me kunne jo ikkje gå frå arbeid, fekk ikkje fri med løn, det skulle tatt seg ut. Me var i beredskap i lang tid. Me var vel ein 160–180 arbeidarar på fabrikk. Eg hugsar to som ikkje var med (til Hodneland), dei var frå ei anna bygd og hadde ikkje gått om det så hadde vore i deira eiga heimbygd (latter).

Å driva spionasje for atomkraftverkmotstanden er langt frå mandatet til folk som arbeidde «på telefonen» hjå Televerket. Forteljninga viser til eit kontaktnett der lokal lojalitet og kjennskap går framfor lojaliteten til arbeidsplassen. Slike avtaler bar preg av høg grad av sosial kapital med gjensidig tillit. Aksjonsleiaren blant fabrikkarbeidarane røpte heller ikkje kjelda si. Slike små private avtaler dagane i september og oktober 1974 var organisert av «dei på Hodneland».<sup>53</sup> Dei var spontant organisert, og få var involverte. Aksjonane hadde også til kjenneteikn at dei var delt i mindre fraksjonar som alle arbeidde mot same mål, men på ulike måtar og nivå – alt frå dei som følgde etter bilen frå NVE og ringde opp aksjonsleiinga, til dette meir faste og gjennomtenkte samarbeidet mellom «ho på telefonen» og aksjonsleiaren blant møbelfabrikkarbeidarane.

Som dei fleste bygder på den tida var Lindås den gongen velorganisert. Folk kjende kvarandre frå organisasjonslivet, som Saniteten, bedehuset, Heimevernet, Bonde- og småbru-

53. «Nei det var det dei på Hodneland som gjorde» går igjen i fleire intervju.

karlaget, jaktlaget, samyrkjelaget og ungdomslagsrørsla. Denne kjennskapen og ikkje minst kompetansen til å organisere ligg latent i lokalsamfunna og kan difor lett aktiviserast og setjast i spel, skriv Ronnby.<sup>54</sup> Leiarane, eller det Ronnby kallar «the leading light», har både høg grad av tillit, organisatorisk kompetanse og kjennskap til lokale ressursar, som kven dei lett kan mobilisere inn til handling og samarbeide med ei felles sak.<sup>55</sup>

Ferjemannskapet på ferja mellom Steinestø og Knarvik varsla folk på Hodneland når bilen frå NVE var på ferja. Dette gav aksjonsleiinga full oversikt. Det kan sjå ut til at folk som var med i motstanden, tok seg til rette og til dels gjorde ting som i ein normalsituasjon ville vore uhøyrte. Her ser det ut til at det er handlingsrom for slike handlingar. Målet helgar middelet. Folk frå aksjonsleiinga uttaler også til avisene at «me har vore i krig før», ei utsegn som understrekar kva folk er villige til å gjera for å verja garden og bygda si.

## Familie, kjennskap og venskap

«Ho var jo gift med søskenbarnet til», «han var jo onkelen hans», «han er gift med kusina mi» og «me kjende jo kvarandre frå før», i forteljingane går det fram at dei fleste kjende kvarandre og hadde minst éin relasjon frå før. Det gjeld både dei som hadde roller i aksjonsleiinga, og sentrale enkeltpersonar. God oversikt over bygdefolk og ressursar var ein faktor for å sikra deltaking og finna dei rette til dei ulike oppgåvene. Til dømes fekk ein denne telefonen: «Dei hadde hatt eit møte borti banken, og så ringde dei meg og gav beskjed om at eg var valt inn i arbeidsutvalet.» På spørsmål om han sa ja, nikkar han og ler. Oppgåva var tildelt han av andre han hadde tillit til. Han såg deltaking som eit teikn på tillit og grunnjev det med at han grunna jobben «var kjend i heile kommunen og dessutan sat i kommunestyret» og difor var nyttig for aksjonen.

Slik var det også med underskriftskampanjane der grendamenn og grendakvinner samla inn underskrifter og leverte til kontaktpersonar. Slike oppgåver vart raskt organisert og gjennomført, då ressursane i venskap, kjennskap, organisasjonsnettverk og familienettverk vart brukt til å distribuera og organisera.<sup>56</sup>

Heile familien vart engasjert når ein av dei først hadde engasjert seg. Sonen fortel om korleis han kom med i aksjonen 16. oktober 1974:

Han far kom og sa eg måtte koma med ein einaste gong. Eg hadde ikkje tid til å byta, so eg gjekk i kjeladressen, hadde ikkje sjangs å gjera nake ant (...) så eg visste ikkje kva det var eingong. Han sa ikkje ka da va hell, eg vart med han.

Han vart først med i motstanden fordi, fortel han: «Det var tydeleg at dette var viktig for han far.» Aksjonen hadde hatt fordelar av sterk samanbindande sosial kapital, der folk handla i tillit til kvarandre, og der engasjementet til far smitta over på sonen, først som ei form for lojalitet, sidan ei bevisstgjerung av kva som stod på spel.

Mine funn tyder på brei smje i denne saka. Som ei sa: «Alle var einige for ein gongs skuld, og det var så kjekt.» Med tanke på korleis EF-saka 2 år tidlegare hadde splitta familiar og skapt usemje, sjølv om over 75,3 prosent røysta nei, og berre 24,7 prosent røysta ja i Lindås kommune,<sup>57</sup> er det overraskande korleis denne saka samla folk. Eg har gjort nokre forsøk på å finna folk lokalt som var tilhengjar av atomkraftverk, men ikkje funne nokon.

54. Ronnby 2009

55. Ibid.: 129

56. Slik ibid. peikar på som eit kjenneteikn ved bygdesamfunn.

57. 1.SSB 1994

Ingen har fortalt om folk som var for atomkraftverk lokalt. Det kan tyda på at det var ei «oss mot den ytre fiende»-sak. Men ein kan likevel ikkje sjå vekk ifrå at motstanden var så sterk at slike stemmer ikkje kom til uttrykk, og at gruppepress og konformitet gjorde at ingen ville ytra seg for atomkraftverk.

## Humor og desperasjon

Bygdefolka heldt vakt. Det var også usikkert kvar NVE ville slå til, på Ostereidet eller på Hodneland. Kan hende det var denne planlagde aksjonen ein av motstandarane fortel om som gjorde at NVE og styresmaktene ville styra unna Ostereidet og valte Hodneland i staden:

(...) Dei hadde sagt at Eide skulle koma først (...) Det var den viktigaste plassen, det er eg sikker på. Og då hadde me planlagd ka me skulle gjera. Me skulle gjera to ting. Me skulle la dei koma inn med bilane og så skulle me blokkera returen, men bilar og traktorar. Og det andre var det at Sigurd Smådal hadde montert gylleanlegget<sup>58</sup> sitt og stilt det inn akkurat ned på den der bakken der me visste dei skulle gjere undersøkelsane sine (latter) Det me hadde kome til å gjort, var å setta gylleanlegget i sving (...) (latter) og det ville jo (latter) kan du tenka deg for ei mediasak det ville blitt, møkkaspruten hadde stått over dei karane der (...) (latter) (alvor) då va me so sinte at, då fant me ut at dei får heller gje oss bot og setja oss innafør, for det gjere me.

Dette snakka me om på telefonen og. Og når eg tenkjer på det etterpå, så skulle det ikkje forbausa meg om både «Lars» og andre sine telefonar, skjedde det same med dei som med min (...) Så det at dei dreiv med telefonavlytting, det er heilt sikkert, og eg trur, eg kan ikkje bevisa det, men eg trur at dei visste kva som var på gang, og korleis me hadde planlagd å gjere det, dette her, og så ombestemte dei seg og køyrte ut til Hodneland heller (...) For visst dei klarte å få det igjennom der, så ville det kanskje vere litt lettare å få til her. Det er min hypotese. Og det veit alle saman her og, men me kan jo ikkje bevisa det.

Forteljninga inneheldt fleire element, på den eine sida ei desperat handling som ein siste utveg, på den andre sida ein humor og snert over aksjonsmåten og ein medieflørt utan sidestykke. Desperasjon og humor går hand i hand og blir til ein plan som ein nesten skulle ynskje vart sett ut i livet. Her planlegg også aksjonistane bruk av heimslege våpen, som traktor og gylleanlegg. Dei handlar i samsvar med sine motiv og sin kompetanse for å nå sine mål.<sup>59</sup>

Opplevinga av å bli telefonavlytta går igjen hjå fleire av dei sentrale folka i arbeidsutvala. Her er det styresmaktene som går utover sitt mandat og avlyttar folk som ikkje har gjort noko ulovleg.

## Spontan aksjon med vellukka resultat

I slutten av september melder NVE at dei vil starta grunnundersøkingane om lag 7. oktober. Dei lokale tek til å patruljera i nærområdet og held vakt då dette skjer:

To framande bilar parkerer midt inne i skogen ved Hodnemarksvegen i Lindås. Dei to karane er ikkje åleine, bygdefolk frå Hodnemark og Hodnekvam er på post for å møte dei. Dagen er 16. oktober 1974, klokka ti om morgonen. Det rår ei nervøs stemning i skogen. Dei to mennene er Dag Roti frå NVE og Terje Aasen frå Blom oppmåling. Dei har ein liten båt på taket og skal bere den mellom seg ned til Austevatn. Dei går nokre meter og vert møtt av ein levande mur. Eit titals av dei fastbuande stengjer vegen.<sup>60</sup>

58. Gylle er uttynna husdyrgjødsel som kan spreia på jordet gjennom gylleanlegg, tankvogn kopla til traktor.

59. Jf. Ronnby 2009: 123.

60. Henta frå Åsgard 1994: 128 og fortalt i intervju.



Og slik fortel dei som var med, kva som skjedde vidare:

«Arne»: Og når dei to (frå NVE og Blom oppmåling) sette ned båten for å skifta tak, so hopppte eg (...) eg var den første som bøkste oppi båten (...) Ja da va eg so sette meg i båten... og eg veit at eg ropte på deg, «Bjarne», kom her! (latter)

«Bjarne»: Og so gjekk eg oppi. Det heile skjedde spontant, det var ikkje avtalt. Og me sette oss i båten, og far min stod utanfor og skulle oppi båten, og (...) då veit du det nytta ikkje (...) dei klarte jo ikkje å bera oss ned. Eg håtta han far slo Roti roleg på skuldra – han hadde svere klubba veit du, og sa «skjønna du no alvorret».

Karane opptrer målretta og klokt i situasjonen og brukar bokstaveleg talt si fulle tyngde. Her vert NVE stogga fysisk, men utan vald.

Hendinga vart raskt kjend i media og hadde ein mobiliserande effekt på lokalsamfunnet:

«Vassdragsverket vart kontant motteke på Hodneland, betre vert det ikkje på Ostereidet», åtvarar ein representant for arbeidsutvalet på Ostereidet til Dagbladet.<sup>61</sup>



**Bilete 4:** I desse oktoberdagane var det aksjonen på Hodneland som toppa overskriftene i landets aviser. Her tek ein aksjonist seg tid til å lesa om seg sjølv. Foto: Arvid Hodneland

## Å nytta sitt politiske kontaktnett

I tillegg til den sterke samanbindande sosiale kapitalen lokalt var parti og fagforeiningsmedlemskap den bruyggjande sosiale kapitalen som aksjonsleiinga brukte aktivt. Nokre av arbeidsutvalsmedlemmene var medlemmer av Arbeidarpartiet (Ap). Ap var regjeringspartiet, og lokale medlemmer var i kontakt med sentrale medlemmer. Hallvard Bakke var kontaktperson på Stortinget for aksjonistane då aksjonen var på sitt heitaste i oktober: «Hallvard Bakke aksepterte å vere ein mediator mellom oss, departementet og regjeringa (...) me informerte han, og han vidareformidla dette til regjeringa og gav oss informasjon attende.»

61. Henta frå *ibid.*: 130.

Slik arbeidde aksjonsleiinga i lag med sin kontaktperson på Stortinget på den siste aksjonsdagen, 21. oktober, då fleire hundre menneske aksjonerte på Hodneland:

Så fortalte me Hallvard Bakke at me ynskte informasjon på 18.30-nyhenda at planane om atomkraftverk no var lagt til side. Me venta på nyhende, men det kom ikkje noko. Og me var samde om å kjempa til styresmaktene sa i det offentlege rom at atomkraftverkplanane var skrinlagde.

Aksjonsleiinga set klåre i krava til styresmaktene:

Og så ringde me Hallvard Bakke, fortalte han kva me hadde gjort, og at me no venta på gode nyhende på radio. For no var begeret vårt ganske fullt, og me synes me hadde vore plaga lenge nok (...) Me hadde jo ingenting me skulle ha sagt (...) visst det var myndighetene som hadde bestemt seg for det, så hadde ikkje me mulighet til å stoppa det (...) på nokon annan måte enn det me gjorde (...) klokka ti på Dagsnytt så kom det som vi forlangte, at nå var det avblåst, på grunn av motstanden, eitt eller anna sånt. Det var åpenbart dirigert frå regjeringa.

Bakke var på Stortinget og var også leiar i Hordaland Ap. Han var på venstresida i partiet og var EF-motstandar. Arbeidsutvalet på Hodneland var dei som hadde direkte linje til Bakke sentralt. Både Knut Henriksen og Erling Schei i arbeidsutvalet på Hodneland ivra for open linje til Storting og regjering gjennom sin kontakt. Me ser her igjen at aksjonsleiinga og enkeltpersonar har både makt til og kunnskap om korleis å nytta sin sosiale kapital til beste for saka.



**Bilete 5:** Henriksen og lensmannen på trappa. Lensmannen snakkar til dei frammøtte og orienterer om at aksjonen no er avblåst, og at dei har vorte høyrte av styresmaktene. Foto: Arvid Hodneland

Ifølgje maktutgreiinga opplever over 70 prosent at dei ikkje kan gjera noko for å påverka stortingsvedtak.<sup>62</sup> Atomkraftverkmotstanden hadde som mål å påverka stortingsfleirtalet og regjeringa til først å stogga grunnundersøkingar og sidan seia nei til atomkraftverksutbygging nasjonalt. Slik sett kan ein seia aksjonen hadde sterke odds mot seg.

62. Strømsnes 2003: 190

## Naturvern og bevaring av bygdesamfunn

Deltaking omfattar både kva folk var med på, korleis dei deltok, kvifor dei deltok, og korleis dei ser på aksjonen og si eiga deltaking i ettertid. Ein av arbeidarane på møbelfabrikken fortel:

Folk frå Østlandet skulle koma hit og byggja nåke så farleg som eit atomkraftverk i vår bygd, og alle visste, både på fabrikk og andre stader, det faktum at dette var dødelige greier. Folk på Østlandet ville ikkje ha det, og så skulle de presse det på oss. Vi bestemte oss for at dette skulle vi stoppe. Slike planer var ingenting for oss. Det var slik det hele starta, og det var slik det følte etterpå, at vi hadde vunnet over myndighetene i Oslo.

Forteljinga inneheld fleire grunnar for deltaking. Desse dødelege atomkraftverka vil me ikkje ha her. Kjensla av å vinna fram med folkemakt og motstand mot «dei i Oslo», altså styresmaktene, går igjen i forteljingane.<sup>63</sup>

Ei anna fortel om aksjonsdagane på Hodneland:

Det var akkurat som ein elefantflokk som stod der inne. Dei verja om sine små onga. Dei verna heila greio dar sjølv, og det var eit landstykk, dei var så tett samla. Det var litt løye når eg tenkjer på det (...) Ingen sette det på papiret, det berre skjedde (...) Det var fantastiske folk, dette her.

Å verja og å kjempa for det ein har kjært, går igjen i fleire fortellingar, ei ibuande handlekraft i ein unik situasjon der ein minnes aktørane som fantastiske menneske.

## Korleis forstå deltaking i atomkraftmotstanden i Lindås?

Aksjonen hadde stor variasjon i deltakinga, men samstundes ein felles kjerne: Ingen ville ha atomkraftverk i sine bygder og gjorde det dei kunne, når dei kunne, og slik dei kunne, for å hindra at det skjedde. I atomkraftverkstriden lokalt finn ein ei klar handlekraft, som å organisera underskriftskampanjar raskt og effektivt, organisera folkemøte og mobilisera større folkemengder. Ulike former for deltaking, frå å delta på folkemøte og varsla om kvar NVE til ei kvar tid oppheldt seg, til å delta på aksjonsdagane, vart anerkjent og verdsett og var eit premiss for omfattande mobilisering.<sup>64</sup> Det var folk sjølv som definerte kva dei deltok i, korleis dei deltok, og når.

Deltakinga i motstanden har ulike grunngevingar. Nokon fortel om eit sterkt engasjement som omfattar både naturvern generelt og engasjement for lokale saker og mot atomkraftverk og atomvåpen spesielt. Andre grunnjev deltakinga med å ta vare på det dei hadde kjært. Dei måtte flytta frå staden dei hadde etablert seg på, eller garden dei hadde, kunne ikkje lenger drivast. Stundom må eg lytta til kva som vert sagt mellom linjene. Mi oppleving er at det ligg ein kjærleik til bygda og staden dei er knytt til, ikkje uttrykt i reine ord, men i det usagte, mellom linjene.

Ei anna forståing av deltakinga deira er kampen for eigedomsretten, behovet for å eiga og å ha, ein eigartrong. Eg finn lite slikt i forteljingane. Fellesskap og ei sterk tru på at dei handla til beste for Noreg, kommunen og bygda, går igjen. Eg seier likevel ikkje at ikkje eigedomsretten kan spela ei rolle for deltakinga, sjølv om det ikkje var uttalt.

Atomkraftverkmotstanden utvikla sine deltakingsformer gjennom sin praksis. Dei lærte ved å delta, og ved å delta utvikla dei sin deltakingkompetanse. Fortellingane inneheld

63. Rokkan, Hagtvet & Alldén 1987

64. Slik Ronnby 2009 peikar på.

variasjonar av deltaking, og deltakinga utvikla og endra seg etter kvart som situasjonen også utvikla seg. Etter EF-motstanden hadde folk i Noreg ein kompetanse på organisering av motstand, meiner Andersen.<sup>65</sup> Dei hadde møtt kvarandre før, og dei hadde lukkast i EF-motstanden. Dei hadde kompetanse på å snakka makta midt imot og erfaring med å lukkast. Deltakingskompetansen knytt til EF-kampen er kombinert med det Ronnby skriv som kjenneteikn på bygdesamfunn, ein kompetanse på organisering.<sup>66</sup> Bygdesamfunn er kjenneteikna av at «alle kjende alle» frå ulike organisasjonar og andre nettverk, og det var ein klar styrke til den felles fronten som atomkraftverkmotstanden krov. Måten motstanden var organisert på, danna eit handlingsrom for ulike typar deltaking, frå fysisk oppmøte og deltaking under aksjonsdagane på Hodneland til arbeidsutval, etterretningsteneste og aktivitet i samband med underskriftskampanjane. Folk nytta seg av dette handlingsrommet. Innbyggjarane tok jamvel og utvida dette handlingsrommet. Dei handla ut frå den kunnskapen dei hadde, og ut frå det rommet som var. Motstandsørsla utvikla kompetanse i deltaking. Dei nytta også dei verkemiddel dei hadde til rådvelde, i form av bindande og brubyggjande sosial kapital og ibuande tillit og nettverk.<sup>67</sup> Kontakten med andre aktivistar i landet, politikarar som var for, og dei som var imot atomkraftverk, og styresmaktene, viser evna til brubyggjande og bindande sosial kapital.

Som Ledwith og Springett skriv, er deltaking både ein måte å leva på, ein måte å sjå verda på og ein måte å vera i verda på.<sup>68</sup> Når staden ein bur på, livet ein lever, og eksistensgrunnlaget ein har, er truga, vert deltaking til aktiv handling. I atomkraftverkmotstanden ser me korleis folk gjekk saman. Folk som var med i atomkraftaksjonen, lærte ved å gjera. Det er ei refleksiv prosess som utviklar praxis: erfaringar fører til refleksjon og vidare til dialog og ny kunnskap.<sup>69</sup> Å ty til sivil ulydnad sat langt inne, men vart gjort som ein siste utveg, som resultat av ein prosess der dei utvikla kunnskap og medvit samstundes med eiga deltaking.

Fleire av fortellingane er gjennomgåande basert på ein sosial rettferdsargumentasjon, ein argumentasjon som heng saman med demokratidiskursen. Det vaks fram eit medvit hjå folk om kva bygdefolket vart utsett for av styresmaktene, og korleis dei tillitsvalde i motstandskampen vart behandla. Dette var opplevd som eit overgrep mot ei gamal bygd med store konsekvensar for ein kommune som alt hadde mista bygda Mongstad til storindustrien. Å vinna over Oslo ga også ei oppleving av sosial rettferd.<sup>70</sup> Her vert det personlege bunde saman med det politiske. Atomkraftverkmotstanden vart ramma inn slik at folk kjende seg igjen.<sup>71</sup> Fienden var Oslo, NVE og styresmaktene. Diskursen frå aksjonen fekk gjennomslag: ein rettviss kamp for å verna av bygdene, ein kamp mot undertrykking og for demokrati lokalt og til slutt nasjonalt. Deltaking som sosial rettferd handlar om kollektiv livskvalitet og berekraft.<sup>72</sup> Deltaking inneber demokrati, ein situasjon der alle har ei stemme i avgjerder som er viktige for livet deira, og som dei aksjonerer kollektivt for å oppnå.<sup>73</sup>

Eit levande folkestyre er bygd på ein føresetnad om engasjerte og deltakande samfunnsborgarar.<sup>74</sup> Det kan sjå ut til at to ulike demokratisyn skilde oss og *dei* i atomkraftverkmot-

65. Andersen 1980

66. Ronnby 2009

67. Putnam 2000

68. Ledwith & Springett 2010

69. Ronnby 2009

70. Jf. utsegna til fabrikkarbeidaren s. 17.

71. Koopmans & Duyvendak 1995; Sørvoll, Kjeldstadli & Helle 2010: 23

72. Ledwith & Springett 2010: 26

73. Ibid.

74. Strømsnes 2003: 193

standen. Aksjonen (oss) påpeikte det deltakande demokratiet og vektla folkestyre, medan dei sentrale styresmaktene og NVE (dei) vektla det representative demokratiet. Begge formene for demokrati er viktige, men i atomkraftverkmotstanden i Lindås var direkte former sentralt, slik det også var i den sterke folkelege motstand mot atomkraft i Sverige, Danmark, Tyskland, Austerrike, og Italia i Vest-Europa.<sup>75</sup> Her vart aktivt demokrati eit avgjerande element i eit demokratisk medborgarskap, ein føresetnad for å skape endring i samfunnet,<sup>76</sup> slik atomkraftmotstanden i Vest-Europa også førte til.<sup>77</sup>

Gruppeprosessen er også eit viktig element som legg grunnlaget for utveksling av tankar og erfaringar. Samspelet mellom aksjonistane er også ein skule i demokrati der aksjonistane handlar i tråd med sine motiv, mål og rammevilkår. Dette kan sjåast på som ein dialektisk prosess der handling, eigne føresetnader, erfaring og kompetanse smeltar saman med aksjonistane sine idear, teoriar og intensjonar.<sup>78</sup> Slik oppstår ny kunnskap, og ny grunn vert pløgd. Historia om motstanden på Eidetræ og Hodneland i Lindås kan sjåast på som ei historie om ein vellukka folkeleg oppstand mot maktapparatet.

Den massive mobiliseringa kom overraskande på fagmiljø knytt til atomkraft. IFA og nettverket dei hadde, var sårbare ovanfor ei brei politisk mobilisering. Starten på protestane mot atomkraftverk i Noreg vart først avfeia og sprengkrafta i dei undervurdert. Dei sentrale miljøa var ikkje budd på å forsvare atomkraft mot protestar grunngjeve ut frå lokalsamfunnsinteresser og demokratiske prinsipp.<sup>79</sup>

## Avsluttande ord

Den kollektive handlekrafta i aksjonen baserer seg på ei unik semje som samla folket lokalt, slik ein i aksjonsleiinga fortel:

Det var ein kollektiv reaksjon, og me som sat i arbeidsutvalet, hadde stort sett ingen annan oppgåve enn å kanalisera denne indignasjonen som kom, formulera det, få det på papiret og planlegga det. Så av alle ting, om nokon hadde kome og sagt at nokon skulle hatt medalje for dette, så hadde eg sagt at dei måtte gje medalje til 4–5000 menneske, altså.

## Takk til

Alle som har tatt så godt imot meg, fortalt meg sin historie, gjeve meg både tillit, avisutklipp, bilete, kaffi og kaker, sakspapir og viktige innspel, eg er dykk alle takksam.

## Referansar

- Andersen, S. S. (1980). *Styring og protest, en studie av kjernekraftplanlegging i Norge 1972–1975* [Magisteravhandling]. Universitetet i Oslo.
- Andersen, S. S. (1987). Personnettverk og elite-innflytelse i et lite politisk system: Spillet om Institutt for atomenergi 1949–1979. *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*, 1987 (4), 37–61.
- Freire, P., Nordland, E. & Lie, S. (1999). *De undertryktes pedagogikk* (2. utg.). Ad notam Gyldendal.
- Gleditsch, N. P., Hartmann, Å. & Naustdalslid, J. (1971). *Mardøla-aksjonen*. Institutt for fredsforskning.

75. Kirchhof 2020

76. Jf. Strømsnes 2003: 222

77. Kirchhof 2020

78. Rønby 2009: 123

79. Ifølgje Andersen 1987: 53–54.



- Kirchhof, A. M. (2018). East-West German Transborder Entanglements through the Nuclear Waste Sites in Gorleben and Morsleben. *Journal for the History of Environment and Society*, 3, 145–173.
- Kirchhof, A. M. (Red.). (2020). *Pathways into and out of nuclear power in Western Europe. Austria, Denmark, Federal Republic of Germany, Italy, and Sweden*. Deutches Museum Verlag.
- Koopmans, R. & Duyvendak, J. W. (1995). The political construction of the nuclear energy issue and its impact on the mobilization of anti-nuclear movements in Western Europe. *Social Problems*, 42(2), 235–251.
- Ledwith, M. & Springett, J. (2010). *Participatory practice, community-based action for transformative change*. Policy Press.
- Meyer, J.-H. (2020). Atomkraft nej tak How Denmark did not Introduce Commercial Nuclear Power Plants. I A. M. Kirchhof (Red.), *Pathways into and out of Nuclear Power in Western Europe, Austria, Denmark, Federal republic of Germany, Italy and Sweden*. (74–123) Deutches Museum Verlag.
- Nilsen, Y. (2006). *Statens kraft 1965–2006: miljø og marked* (Bd. 3). Universitetsforlaget.
- Olsen, J. P. & Sætren, H. (1980). *Aksjoner og demokrati*. Universitetsforlaget.
- Parmann, G. (1980). *Kampen om Alta: en trusel mot vårt demokrati?* Dreyer.
- Putnam, R. D. (2000). *Bowling alone: the collapse and revival of American community*. Simon & Schuster.
- Riessman, C. K. (2008). *Narrative methods for the human sciences*. Sage Publications.
- Rokkan, S., Hagtvet, B. & Alldén, L. (1987). Sentrum og periferi, økonomi og kultur: Modeller og data i kliometrisk sosiologi. I S. Rokkan, B. Hagtvet & L. Alldén (Red.), *Stat, nasjon, klasse: essays i politisk sosiologi* (s. 22). Universitetsforlaget.
- Ronnby, A. (2009). Empowering people by community building. I G. S. Hutchinson (Red.), *Community work in the Nordic countries: new trends*. Universitetsforlaget.
- Samset, K. F. (2012). *Lenge før og langt senere: et tilbakeblikk på konseptvalget i historiske prosjekter*. Ex ante akademisk forlag.
- [1] Statistisk Sentralbyrå, *Folkerøystinga om EU. Kommunevis for Hordaland. Valdeltaking og fordeling av godkjende røyster. Prosent. Folkerøystinga om EU 1994 og folkerøystinga om EF 1972. Kommune. Hordaland*, (1994) henta frå: [https://www.ssb.no/a/kortnavn/euvalg/eu\\_hordaland.html](https://www.ssb.no/a/kortnavn/euvalg/eu_hordaland.html)
- St.meld. nr. 97 (1969–70). *Om energiforsyningen i Norge*. Industridepartementet.
- Stenøien, J. M. (u.å.). Tilbakeskuende intervju som muntlige kilder. I N. V. Forskningsinstitutt (Red.). [https://psy.au.dk/fileadmin/Psykologi/Forskning/Kvalitativ\\_metodeudvikling/NB28/tilbakeskuende\\_intervju.pdf](https://psy.au.dk/fileadmin/Psykologi/Forskning/Kvalitativ_metodeudvikling/NB28/tilbakeskuende_intervju.pdf)
- Strømsnes, K. (2003). *Folkets makt: medborgerskap, demokrati, deltakelse*. Gyldendal akademisk.
- Sørvoll, J., Kjeldstadli, K. & Helle, I. (2010). *Historier om motstand: kollektive bevegelser i det 20. århundret*. Abstrakt.
- Tompkins, A. (2016). Grassroots transnationalism(s): Franco-German opposition to nuclear energy in the 1970s. *Contemporary European History*, 25(1), 117–142.
- Twelvetrees, A. (2017). *Community development, social action and social planning* (5. utg.). Palegrave.
- Åsgard, B. (1994). *Strilekrigen mot atomkraft*. Eige forlag.